

Olje og Energi Departementet
Energi og vannressursavdelinga

Dykkar ref: NVE 200806733-30
Dykkar dato: 19.12.2014

Vår ref:

Arkiv:

Sakshandsamar: Olav Osvoll

Dato: 23.01.2015

Klage på vedtak – Avslag på konsesjon til bygging av Kupekraft kraftverk i Jølster kommune i Sogn og Fjordane – utfyllande kommentarar.

Viser til NVE sitt brev av 19.desember 2014 der det blir gitt avslag på søknad om konsesjons til bygging av Kupekraft, og epost frå Rune Moe med utvida frist til 26.01.2015 for å komme med utfyllande kommentarar til anken.

I vårt brev av 09.01.2015 er forholda rundt konsekvensane for landskap og friluftsliv drøfta. Vi vil no gi utfyllande grunngjeving for andre relevante forhold.

Det har heile vegen under planlegging av tiltaket tenkt på at området Legestøylen og turstien opp til Stegsvatnet skulle haldast utanom inngrepsområdet.

Rørgatetrassen vart lagt på motsett side av turstien i høve til elva, noko som medførte ein lang rørgatetrase i krevjande terreng.

Rørgatetrassen er lagt på vestsida av Såtehaugen, medan turstien går på austsida av Såtehaugen. Store delar av rørgatetrassen er difor ikkje synleg frå turområdet. Vi er uenige med NVE i at store delar av rørgatetrassen er svært eksponert frå eksisterande tursti.

Søklar har vurdert NVE sine kommentarar til avslaget. Dei er negative til å føre rørgatetrassen gjennom eit skrint område med tynne jordlag i øvre delar av rørgate trassen. Eit framføring av vassvegen i fjell ville hindre inngrep i dette området, men det føreslegne tunell alternativet var plassert ved foten av Såtehaugen og medførte anleggsveg forbi Legestøylen og til påhugget. Vidare ville det medføre deponering av sediment frå boringa i kulturlandskapet rundt stølen.

Dersom det blir gitt løyve til bygging av Kupekraft er det mogleg å modifisere rørgatetraseen på vestsida av Såtehaugen ved å krysse elva på kote 600, og bore dei siste 960m frå Såtehaugen og opp til utløpet av Stegsvatnet. I høve til det tidlegare skisserte tunell alternativet vil det ikkje bli inngrep på aust sida av elva i det heile. Området frå Legestøylen til Stegsvatnet der turstien går vil ikkje bli påverka av inngrep. Dette vil også redusere inngrepa i det skrinne område til å gjelde berre dam/inntak. Det vil også sterkt redusere den synlege delen av rørgatetrassen.



Anleggsveg til påhugget vil følgje rørgatetraseen til kote 600 og deponering av massar skjer på vestsida av Såtehaugen.


Ein ynskjer framleis moglegheit til å regulere Stegsvatnet innanfor naturleg vannstandsvariasjon (80cm) uavhengig om det blir gitt konsesjon til dam nedstraums utløpet eller direkte i vatnet.

Vi har fått Norhard AS til å utgreie dette alternativet, og deira vurdering og oppdaterte boreprofil ligg vedlagt.

Desse justeringane, saman med dei særskilte grundige vurderingane som vart gjort rundt bruk av området i samband med «Verneplan for Naustdal / Gjengedal» er i sterk grad med på å redusere NVE si grunngeving for å ikkje gje konsesjon til Kupekraft.

Verken grunneigarar eller kommune gikk i mot opprettinga av dette verneområdet, og godtok at grensa skulle gå ved Stegsvatnet nettopp fordi det var opna i verneforskriftene for ei kraftutbygging mot Årdal / Jølster. Både kommune og grunneigarar vil føle seg lurte når NVE no legg stor vekt på landskap og friluftsliv for å avslå konsesjonssøknaden. Det grundige arbeide med å avklare bruken av randsona til verneområdet i dei ulike dalføra rundt verneområdet burde bli tillagt stor vekt i NVE si vurdering, ikkje berre NVE si eiga vurdering av det aktuelle tiltaksområdet isolert sett.

Vi håpar difor at Olje og Energi Departementet vil omgjere vedtaket og gi Kupekraft SUS konsesjon til bygging av Kupe Kraftverk.



På vegne av Kupekraft SUS

Vedlegg:
Kopi:

